



Møteprotokoll

Utval:	Planutval
Møtestad:	Rådhuset, kommunestyresalen 2. etg.
Dato:	28.04.2026
Tid:	Kl. 09:00

Følgjande medlem møtte

Eivind Arne Holmboe

Jostein Huneide

Hilde Rotihaug Humborstad

Olav Scott Fanøy Nord

Gerd Fløde Bjørlo

Parti

FRP

H

SP

SP

V

Forfall

Hans-Petter Gilleshammer

Kristina Leknesund Myrseth

Parti

AP

H

Varamedlem

Øystein Ragnar Aasebø

Anne Marie Seljeseth

Parti

SP

H

Møtenotat:

- Olav Scott Fanøy Nord (Sp) fekk permisjon frå kl 12.57 før handsaming av sak 26/020.
- Planutvalet hadde 7 røysteføre frå sak 26/013 til sak 26/019. Frå sak 26/020 til 26/025 hadde utvalet 6 røysteføre.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/013	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/014	Godkjenning av møteprotokoll
26/015	Referatsaker
26/016	Orienteringssaker planutval - 28.04.2026
26/017	Klage på avslag til søknad om dispensasjon - reiskapsbod på Tippasætra i Hjelmelandsdalen
26/018	Klage på vedtak - Idrettshall Stadlandet
26/019	Søknad om dispensasjon og rammeløyve - Eidsgata 50
26/020	Klage på vedtak om pålegg, tvangsmulkt og lovbrøtsgebyr
26/021	Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining
26/022	Intensjonsavtale med Prestegårdskloakken - utgreiing om tilslutning til kommunalt avløpsanlegg
26/023	Stad kommune - årsrapport 2025
26/024	Orientering - Oppfølging av tilsyn på kommunalt vassverk - Oppfølging VAO-plan
26/025	Høyringsuttale Stad kommune - Forslag til endringer i klima- og energikrav i byggeteknisk forskrift

26/013: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

PLUV- 26/013 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/014: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

PLUV- 26/014 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

26/015: Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

PLUV- 26/015 Vedtak:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

26/016: Orienteringssaker planutval - 28.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart orientert om følgjande saker:

1. Arbeidsverkstad naturmangfaldplan
 1. Orientering om innhaldet i planen
 2. Gruppearbeid om strategiar for dei ulike innsatsområda i planen
 3. Refleksjonsspørsmål i plenum

PLUV- 26/016 Vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

26/017: Klage på avslag til søknad om dispensasjon - reiskapsbod på Tippasætra i Hjelmelandsdalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klage datert 12.03.2026 vert ikkje teken til følge, jf. forvaltningslova (FVL) § 33. Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Fellesframlegg frå planutvalet:

Klage datert 12.03.2026 vert teken til følgje.

Grunngjeving:

Trass i at tiltaket inneber eit avvik frå føresegna om maksimalt BYA, meiner ein at dispensasjon i dette tilfellet kan forsvareast. Det omsøkte vedhuset/reiskapsboda erstattar eit eksisterande bygg i dårleg stand, og vil framstå som meir tilpassa eksisterande fritidsbustad både i utforming og materialbruk. Auken i bebygd areal er avgrensa og må sjåast som marginal i høve til eigedomen sin totale storleik.

Tiltaket vurderast ikkje å svekke omsynet til kulturmiljøet eller friluftsiinteressene i området, men kan tvert imot bidra til ei betre heilskapleg utforming av tunet. På bakgrunn av dette meiner ein at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene, og at vilkåra etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Vi ønsker at utbygger setter opp eit tilsvarande bygg som vert riven.

Dispensasjon bør difor innvilgast.

Det vart røysta over fellesframlegg få planutvalet som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/017 Vedtak:

Klage datert 12.03.2026 vert teken til følgje.

Grunngjeving:

Trass i at tiltaket inneber eit avvik frå føresegna om maksimalt BYA, meiner ein at dispensasjon i dette tilfellet kan forsvareast. Det omsøkte vedhuset/reiskapsboda erstattar eit eksisterande bygg i dårleg stand, og vil framstå som meir tilpassa eksisterande fritidsbustad både i utforming og materialbruk. Auken i bebygd areal er avgrensa og må sjåast som marginal i høve til eigedomen sin totale storleik.

Tiltaket vurderast ikkje å svekke omsynet til kulturmiljøet eller friluftsiinteressene i området, men kan tvert imot bidra til ei betre heilskapleg utforming av tunet. På bakgrunn av dette meiner ein at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene, og at vilkåra etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Vi ønsker at utbygger setter opp eit tilsvarande bygg som vert riven.

Dispensasjon bør difor innvilgast.

26/018: Klage på vedtak - Idrettshall Stadlandet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagene vert ikkje tekne til følgje, og saka sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Eivind Holmboe (Frp) stilte spørsmål om sin habilitet som medlem av byggegruppa i Stad idrettslag. Holmboe tredde frå under handsaminga av habiliteten. Eivind Holmboe (Frp) vart samrøystes kjend ugild jf. forvaltingslova §6 andre ledd. Per Tore Borgund (Frp) tredde inn som vara for Eivind Holmboe (Frp) i handsaming av saka.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/018 Vedtak:

Klagene vert ikkje tekne til følgje, og saka sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

26/019: Søknad om dispensasjon og rammeløyve - Eidsgata 50

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl. § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføresegn 5.1.2 for riving som er gjennomført. Dispensasjon for ytterlegare riving vert avsele, og gjenværande bygningsmasse skal inkorporerast i nybygg.

Med heimel i pbl. § 21-4, jf. §20-2 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av ny bustad på gbnr. 44/437, med vilkår:

- Før fyste løyve til igangsetting skal det ligge føre fråstandserklæring frå naboar.
- Vindauge må stillast saman, og ha seks fag med gjennomgåande sprosser, jf. fråsegn frå Vestland fylkeskommune.
- Dør skal ha opphåveleg storleik såframt det ikkje kjem i strid med lov, samt at det skal være glasfelt øvst.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Sakshandsaming: Det vart i planutvalet hevda at gjennværande bygningsmasse(vegg) var i dårleg forfatning og ville vere skadeleg å inkorporere i eit nytt bygg. Med bakgrunn i denne drøftinga kom følgjande framlegg:

Framlegg frå Olav Scott Fanøy Nord (Sp):

Planutvalet ber om at saka blir utsett, inntil ein uavhengig tilstandsrapport, bestilt av tiltakshavar, er levert.

Det vart røysta over framlegget frå Olav Scott Fanøy Nord (Sp) som vart vedteke med 5 mot 2 røyster. Jostein Huneide (H) og Eivind Holmboe (Frp) røysta i mot.

PLUV- 26/019 Vedtak:

Planutvalet ber om at saka blir utsett, inntil ein uavhengig tilstandsrapport, bestilt av tiltakshavar, er levert.

26/020: Klage på vedtak om pålegg, tvangsmulkt og lovbrotsgebyr**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Klaga knytt til manglande særskilt førehandsvarsel om lovbrotsgebyr vert teke til følgje. Vedtaket om lovbrotsgebyr vert omgjort til inkje.

Klaga knytt til pålegg om retting og tvangsmulkt vert ikkje teke til følgje, og sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.

Planutval 28.04.2026:**Handsaming:****Fellesframlegg frå planutvalet:**

Klaga knytt til manglande særskilt førehandsvarsel om lovbrotsgebyr vert teke til følgje. Vedtaket om lovbrotsgebyr vert omgjort til inkje.

Klaga knytt til pålegg om retting og tvangsmulkt vert teken til følgje. Planutvalet ber om at det blir førebudd ny sak om lovbrotsgebyr.

Det vart røysta alternativt over kommunedirektøren sitt framlegg og fellesframlegg frå planutvalet. Fellesframlegg frå planutvalet vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/020 Vedtak:

Klaga knytt til manglande særskilt førehandsvarsel om lovbrotsgebyr vert teke til følgje. Vedtaket om lovbrotsgebyr vert omgjort til inkje.

Klaga knytt til pålegg om retting og tvangsmulkt vert teken til følgje. Planutvalet ber om at det blir førebudd ny sak om lovbrotsgebyr.

26/021: Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Ureiningslova) § 52a, forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 2-12 og § 11-4,

forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 og lov 19. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (Forvaltningslova) § 37, vert ny lokal forskrift om *Gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining* lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker.

Eksisterande lokal forskrift *Gebyr for tilsyn med mindre avløpsanlegg og gebyr for behandling av utsleppsløyve* vert oppheva når ny forskrift er vedteken.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/021 Vedtak:

Med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Ureiningslova) § 52a, forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 2-12 og § 11-4, forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6 og lov 19. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (Forvaltningslova) § 37, vert ny lokal forskrift om *Gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining* lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker.

Eksisterande lokal forskrift *Gebyr for tilsyn med mindre avløpsanlegg og gebyr for behandling av utsleppsløyve* vert oppheva når ny forskrift er vedteken.

26/022: Intensjonsavtale med Prestegårdskloakken - utgreiing om tilslutning til kommunalt avløpsanlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre ber om at kommunedirektøren inngår avtale med Prestegårdskloakken SA om utgreiing av kommunal overtaking av det private avløpsanlegget slik det framgår av saka.

Finansiering av utgreiing vert å kome tilbake til i ny sak.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/022 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

Stad kommunestyre ber om at kommunedirektøren inngår avtale med Prestegårdskloakken SA om utgreiing av kommunal overtaking av det private avløpsanlegget slik det framgår av saka.

Finansiering av utgreiing vert å kome tilbake til i ny sak.

26/023: Stad kommune - årsrapport 2025**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad eldreråd 27.04.2026:**Handsaming:****Fellesframlegg frå Åge Starheim, Liv Stokkenes Jacobsen, Svein Barmen, Anne Karene Vederhus, Nils Helge Løkling og Einar Oddgeir Midtbø:**

Stad eldreråd tilrår komunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad:

På tross av lovnader finn Stad eldreråd ikkje analyse i årsrapport 2025 av konsekvensane for kutta på over 65 millionar, som har blitt gjennomført i helse- og omsorgssektoren dei siste 3 åra.

Med dei store kutta som administrasjonen har stadfesta, må det ha skjedd dramatiske reduksjonar i kommunale tenester til dei som er på institusjonane og i heimetenesta.

Vi registrerer at det arbeidast meir smart og ein har teke i bruk meir teknologi, men etter eldrerådet si meining må dette også ha medført dramatiske reduksjonar i kontakta til brukarane. Resultatet er mykje einsemd hos eldre og sjuke.

Det er nettopp dette Stad eldreråd ønskjer å få belyst i ei konsekvensanalyse, på ein slik måte at det er enkelt og forståeleg for alle.

Stad eldreråd registrerer at det er helse- og omsorgssektoren som har teke dei store kostnadane med omstillinga.

Sjølv om ikkje rådet har fått svar på ønskje om konsekvensanalyse, registrerer vi likevel at årsrapporten beskriv ei kommande krise for eldre og sjuke i Stad kommune.

Eldrerådet vil her vise til følgjande setningar i rapporten:

«Seljetunet har over tid hatt mangel på sjukepleiekompetanse, noko som har vore ei utfordring.»

«Det er framleis utfordring med å dekke vakante vakter ved Hogatunet, særleg i helgane.»

«Det er behov for fornying/nybygg av garderobar for alle tilsette ved Hogatunet, vaskerom for vask av pasienttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonskjøkken (ved Hogatunet). Det er ikkje planlagt nokon utbetring eller andre prosessar knytt til vidare bruk av areal.»

Stad eldreråd er overraska over at ikkje politikarane har vore villeg til å sjå heilskapen i omstillinga, og rådet stiller seg undrande til om kommunestyret verkeleg er samde i den gjennomførte omstillinga.

Det er enkelt å prioritere det som ein synes er kjekkast, men etter eldrerådet si meining er dette ikkje politisk ansvarlegheit.

Stad eldreråd er positiv til at administrasjonen no ønskjer å gjennomføre den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg.

Stad eldreråd vil påpeike at verken i rapporten eller frå administrasjonen er det signal om korleis

Stad kommune skal syte for forsvarlege tenester til framtidig aukande tal eldre og sjuke, og korleis dette skal finansierast.

Kommande demografi i Stad kommune vil krevje stor auke i løyvingane innan helse- og omsorgssektoren i kommunen, noko som står i sterk kontrast til at det også i 2026 skal kuttast ytterlegare 18 millionar innan helse- og omsorgssektoren.

Stad eldreråd forventar at kommunestyret snarast tek denne situasjonen på alvor, og vi vil minne politikarane om alle sterke lovnadar, i partia sine valprogram til kommunevalet i 2023 om eldreomsorg i Stad kommune som skulle «skinne».

Stad eldreråd forventar at administrasjonen og politisk leiing står ved sine lovnadar om å snarast gje innbyggjarane i Stad kommune ei oversikteleg og forståeleg konsekvensanalyse for dei store reduksjonane av kommunale tenester til eldre og sjuke i kommunen dei siste 3 åra.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp i mot fellesframlegg frå Åge Starheim, Liv Stokkenes Jacobsen, Svein Barmen, Anne Karene Vederhus, Nils Helge Løkling og Einar Oddgeir Midtbø. Fellesframlegget vart vedteke med 6 mot 1 røyst. Marie Kristine Kroken (MDG) røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

SER- 26/015 Vedtak:

Stad eldreråd tilrår komunedirektøren sitt framlegg til vedtak med merknad:

På tross av lovnader finn Stad eldreråd ikkje analyse i årsrapport 2025 av konsekvensane for kutta på over 65 millionar, som har blitt gjennomført i helse- og omsorgssektoren dei siste 3 åra.

Med dei store kutta som administrasjonen har stadfesta, må det ha skjedd dramatiske reduksjonar i kommunale tenester til dei som er på institusjonane og i heimetenesta.

Vi registrerer at det arbeidast meir smart og ein har teke i bruk meir teknologi, men etter eldrerådet si meining må dette også ha medført dramatiske reduksjonar i kontakta til brukarane. Resultatet er mykje einsemd hos eldre og sjuke.

Det er nettopp dette Stad eldreråd ønskjer å få belyst i ei konsekvensanalyse, på ein slik måte at det er enkelt og forståeleg for alle.

Stad eldreråd registrerer at det er helse- og omsorgssektoren som har teke dei store kostnadane med omstillinga.

Sjølv om ikkje rådet har fått svar på ønskje om konsekvensanalyse, registrerer vi likevel at årsrapporten beskriv ei kommande krise for eldre og sjuke i Stad kommune.

Eldrerådet vil her vise til følgjande setningar i rapporten:

«Seljetunet har over tid hatt mangel på sjukepleiekompetanse, noko som har vore ei utfordring.»

«Det er framleis utfordring med å dekke vakante vakter ved Hogatunet, særleg i helgane.»

«Det er behov for fornying/nybygg av gardarobor for alle tilsette ved Hogatunet, vaskerom for vask av pasienttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonskjøkken (ved Hogatunet). Det er ikkje planlagt nokon utbetring eller andre prosessar knytt til vidare bruk av areal.»

Stad eldreråd er overraska over at ikkje politikarane har vore villeg til å sjå heilskapen i omstillinga, og rådet stiller seg undrande til om kommunestyret verkeleg er samde i den gjennomførte omstillinga.

Det er enkelt å prioritere det som ein synes er kjekkast, men etter eldrerådet si meining er dette ikkje politisk ansvarlegheit.

Stad eldreråd er positiv til at administrasjonen no ønskjer å gjennomføre den vedtekne kommunedelplanen for helse og omsorg.

Stad eldreråd vil påpeike at verken i rapporten eller frå administrasjonen er det signal om korleis Stad kommune skal syte for forsvarlege tenester til framtidig aukande tal eldre og sjuke, og korleis dette skal finansierast.

Kommande demografi i Stad kommune vil krevje stor auke i løyvingane innan helse- og omsorgssektoren i kommunen, noko som står i sterk kontrast til at det også i 2026 skal kuttast

ytterlegare 18 millionar innan helse- og omsorgssektoren.

Stad eldreråd forventar at kommunestyret snarast tek denne situasjonen på alvor, og vi vil minne politikarane om alle sterke lovnadar, i partia sine valprogram til kommunevalet i 2023 om eldreomsorg i Stad kommune som skulle «skinne».

Stad eldreråd forventar at administrasjonen og politisk leiing står ved sine lovnadar om å snarast gje innbyggjarane i Stad kommune ei oversikteleg og forståeleg konsekvensanalyse for dei store reduksjonane av kommunale tenester til eldre og sjuke i kommunen dei siste 3 åra.

Stad ungdomsråd 27.04.2026:

Handsaming:

SUR- 26/018 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2026:

Handsaming:

SRN- 26/014 Vedtak:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne tilrår at kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/023 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2025 for Stad kommune slik den ligg føre.

26/024: Orientering - Oppfølging av tilsyn på kommunalt vassverk - Oppfølging VAO-plan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet tar orienteringa om Mattilsynet sin rapport 07.04.2026 til vitande.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren følge opp vedtak i tilsynsrapporten slik at farekartlegging og beredskapsplan vassforsyning Stad kommune, er oppdatert innan 8. juni.
3. Tiltak som Mattilsynet peikar på som kritisk skal innarbeidast i tiltaksplanen(handlingsdel temaplan VAO).
4. Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ei prosess sak til møtet i juni som beskriv korleis Stad kommune kan arbeide meir langsiktig og med førebyggjande tiltak opp mot å redusere risiko knytt til vassforsyning. Kunnskap om forebyggjande arbeid skal leggjast til grunn i arbeid med økonomi og handlingsplan hausten 2026.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/024 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

1. Formannskapet tar orienteringa om Mattilsynet sin rapport 07.04.2026 til vitande.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren følge opp vedtak i tilsynsrapporten slik at farekartlegging og beredskapsplan vassforsyning Stad kommune, er oppdatert innan 8. juni.
3. Tiltak som Mattilsynet peikar på som kritisk skal innarbeidast i tiltaksplanen(handlingsdel temaplan VAO).
4. Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ei prosess sak til møtet i juni som beskriv korleis Stad kommune kan arbeide meir langsiktig og med førebyggjande tiltak opp mot å redusere risiko knytt til vassforsyning. Kunnskap om forebyggjande arbeid skal leggjast til grunn i arbeid med økonomi og handlingsplan hausten 2026.

26/025: Høyringsuttale Stad kommune - Forslag til endringer i klima- og energikrav i byggt teknisk forskrift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen får fullmakt til å levere føringane frå møte 03.03.2026 som høyringssvar på høyringsportalen til Direktoratet for Byggkvalitet.

Planutval 28.04.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV- 26/025 Vedtak:

Administrasjonen får fullmakt til å levere føringane frå møte 03.03.2026 som høyringssvar på høyringsportalen til Direktoratet for Byggkvalitet.